



Hordaland idrettskrets

Dato: 06.05.2014  
Vår ref.: 2014/549-5  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Aktiv saman - tildeling 2014

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Det er ei glede å melde at idrettskretsen får tildelt kr 163.000,- frå Aktiv saman etter følgjande tabell;

Tiltak	Søknad	Tildelt	Kostnad
Klubbesøk med klubbleiing, klubbesøk med fokus på inkludering, fargerike turneringar og aktivitetsdagar, aktivitetsdagar i Fjell og Askøy, kompetansehevande tiltak i skulen i Fjell og Askøy, samarbeid med Fjell og Askøy, Ein til ein arbeid i Fjell og Askøy	100000	50000	
Aktivitetsdagar			
* Askøy		25000	48000
* Bergen		0	37000
* Fjell		25000	45000
* Samnanger		0	28000
Aktivitetsdag for jenter	30000	16000	40000
Ungdomsleiarkurs	32000	32000	42000
Ballsidighet i Ytre Arna	45000	15000	125000
		163000	

### Grunngjeving

For 2014 er det kr 400.000 til fordeling. Det kom inn ni søknader frå aktørane i prosjektet. Fristen i år var sett til 27. mars. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og helse, og det er tildelt midlar frå Aktiv saman til søkjarar på ordninga for lokale friluftslivstiltak og tilskot til friluftslivsføremål (post 78) som er retta mot målgruppa i prosjektet.

### Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt til dykkar konto ([send kontonummer til hane.espe@hfk.no](mailto:hane.espe@hfk.no)) med kr. 163.000,- så snart som råd. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### **Føresetnader for tildeling**

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.) Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under. Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmesseg avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskottsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

### **Rapportering og evaluering**

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2014. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle Aktiv saman om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av prosjektet.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*